

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato	14.06.2023
Vår referanse	2023/60285-3
Dykkar referanse	23/405 - 23/5031
Sakshandsamar	Eva Hamre
E-post	Eva.Hamre@vlfk.no
Telefon	57638066

Svar på søknad - LTU 2023 - Lokal transporttilbod for ungdom - Masfjorden kommune

Viser til søknaden dykkar frå Kristin Kvamme Rasch den 31.05.2023.

Fylkeskommunen gjev med dette tilsegn om eit tilskot på inntil kr. 80 000 til lokale transporttilbod for ungdom i Masfjorden kommune.

Då de har arrangement i andre kommunar bør de sjå på samarbeid med desse kommunane, og/eller få inn midlar frå kommune eller andre organisasjonar.

Vi viser til invitasjonen med krav til søkjar, tildelingskriterium og føresetnader for gjennomføring av reiser, og ei påminning spesielt om:

Vilkår knytt til tilsegn:

- Midlane skal nyttast til fleksible transporttilbod, det vil seie bestillingsruter, der oppslutnaden er avgjerande for om ruta går.
- Reisene skal vere opne for alle i målgruppa.
- Reisene skal i hovudsak gå på ettermiddag og kveld på kvardagar. Reiser på andre tidspunkt må vere gjort greie for i søknaden, og godkjent ved tilsegn om tilskot.
- Reisene skal gå til/frå nærområda i kommunen. Hovudregelen er at reisene skal gå i Vestland, og eige kommune. Minner også om at midlane ikkje skal nyttast på turar som inneber overnatting.
- Transporttenester kan berre kjøpast frå dei som har godkjent løyve for persontransport.
- Skyssen må ikkje leggje seg i direkte konkurranse med det ordinære kollektivtilbodet. Det er forventa at når det er mogleg, nyttar seg av allereie eksisterande ruter.
- Det skal etablerast ei prosjektgruppe med ungdomsrepresentasjon som har ansvar for å organisere skyssen. Gruppa skal sjå om det er mogeleg å få inn midlar også frå andre (t.d. kommunen eller frivillige organisasjonar). Vidare må prosjektgruppa bestemme kva brukarane skal betale for skyssen, og ta ansvar for at skysstilbodet held seg innanfor dei midlane ein har til rådvelde.
- Tilbodet skal ha eigendel pr tur.
- Kommunen får utbetalt tilskotet og er «bank» for prosjektet.

Utbetaling av midlane

Ved tildeling av midlar kan kommunen be om å få utbetalt halvparten av midlane på førehand.

Resterande midlar vert eventuelt utbetalt når rapporteringsskjema er levert. Det vert berre betalt ut midlar ut frå faktisk bruk.

Prosjektmidlar som står att frå åra før skal nyttast som «eigenkapital» i finansiering av ordninga i neste år.

Prosjektrapport, inkl. rekneskap

Søkjar skal levere prosjektrapport til fylkeskommunen, før eventuell utbetaling av tilskotet. Prosjektrapporten skal kort gjere greie for:

- Korleis transporttilboda er gjennomført.
- Kven i målgruppa som har nytta transporttilboda.
- Korleis transporttilboda er gjort kjent.

Dersom nokre av tiltaka ikkje er gjennomførte, eller midlane er omprioriterte, skal rapporten gjere kort greie for dette.

Kommunen skal elles rapportere på skjema (sjå vedlegg), der det blant anna skal gå fram kor mange reisande det har vore per tiltak, og sum reisande totalt i 2023. Rapporten skal også innehalde prosjektrekneskap etter mal. Kommunen må også levere oppsett på tildelte midlar mot rekneskap for dei to føregåande åra. *Sjå invitasjon for detaljar og rettleiing.*

Vi gjer merksam på at kommunane innan gitt frist må levere prosjektrapport for å få tildelt resterande midlar som det vert gitt tilsegn om. Vi oppmodar difor kommunane om å fylle ut rapporteringsskjemaet gjennom året.

Frist for rapportering er 18. desember 2023. Denne fristen må overhaldast, elles kan fylkeskommunen halde tilbake tildelte midlar.

Oppmoding om utbetaling skal sendast:

Vestland fylkeskommune
v/ MOK – stab og forvaltning
Askedalen 2
6863 Leikanger

eller e-post:
eva.hamre@vlfk.no

Med helsing

Eva Hamre
seniorrådgjevar
MOK - Stab og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapporteringsskjema - til utfylling for kommunane 2023